



## Årsmelding 2022

### Styret:

Leiar	Eilin Reinaas
Nestleiar	Jon Anders Skorpen
Kasserar	Christer Nærø Torvik
Styremedlem	Ragnhild Margrete Bremnes
Styremedlem	Ellen Marte Solem
Varamedlem	Joakim Eiksund
Varamedlem	Kristin Rødven Eide
Varamedlem	Odd Arne Blomberg

### Valnemnd

Leiar	Sindre Slettestøl
Medlem	Torill Torvholm
Medlem	Johannes Kjær Madsen
Varamedlem	Gunn Lise Voldsund

### Styret sitt arbeid i 2022:

Vi har hatt 6 styremøte, og har handsama 47 saker i 2022.

### Økonomi:

**480.000.- på konto mot gjeld på 620.000.-**

I 2022 har klubben hatt redusert inntektsgrunnlag grunna fleire avlyste kurs på grunn av for få deltakarar, ein kan muligens legge dette på ein ettereffekt av covid + ein rimelig værutsatt sesong. Det er også ein del komersiell kursaktivitet i nærområdet. En nedgang på 63% er betydelig men også forklarlig. 2021 var eit unormalt aktivt år for klubben med fleire aktivitetar eksternt, SPLEIS og støtteordningar rundt covid-19 pandemien. Så på mange måtar kan ein kalle 2022 for et meir nøkternt, normalår for klubben.

På utgiftssida ser ein rimelig stabilitet med kun 10% økning som kjem av meir utstyr å avskrive og ein utbedring av naust 3 med vindtetting og ny kledning på 2 veggar ut

mot sjøen. Dette som eit lett i arbeidet mot klubblokale for medlemmane. Klubben driv økonomisk og kun et par kurs ville ført underskuddet til eit overskudd for 2022.

Underskuddet på 13.895.- er midlar som er investert i bygningskroppen naust nr.3 ref.årsregnskap post 6550 som er nesten 5 gongar utgiftene for 2021.

#### **Innkjøp:**

3 x brukte kajakkar Skim Differ/ Valley Aquanaut/ Polar North Shore  
2 x nye kajakkar Design Kayaks Awesome og Unplugged  
10 stk. nye årer av typen Aqua Bound Tango  
2 stk. nye årer av typen Aqua Bound Stingray hybrid

For meir utfyllande tallunderlag sjå vedlagt revidert årsregnskap 2022 frå regnskapsfører Sigbjørn Gurskevik Skeide i Reknehuset AS.

SPLEIS-midlar kroner 128 377,- som skal gå til prosjekt Gapahuk og Klubblokale står ubrukt i 2022 og videreføres i sin helhet.

Økonomien til klubben er solid og prosjekta i 2022 går vidare over til neste år.

#### **Naust:**

Januar 2022 starta friskt med bytting av vindu i naust 3. Det vil gi mykje godt lys og god utsikt framover. Det vart også bytta kledning på naustet med god hjelp frå byggklassa på Herøy VGS. Dette gjer at det no er klart for medlemsdugningar og vidare arbeid med å skape eit triveleg lokale.

Årsmøtet vedtok i 2022 å opprette i naustnemnd med tre medlemmar. Dette arbeidet er planlagt vidareført i 2023.

#### **Utstyr:**

Vi har i 2022 hatt to dugningar der vi har rydda, reparert slitasje og skader på utstyr og seld fylgjande utstyr:

#### **Aktivitetar:**

##### Bassengtrening

Det er blitt gjennomført 17 bassengtreningar på Sunnmørsbadet i tidsrommet januar-april og november-desember 2022. Det vart gjennomført livreddarkurs, der 8 aktivitetsleiarar vart godkjente livreddarar i basseng.

##### Klubbturnar

Gjennom året har vi gjennomført 11 klubbturnar fordelt på både vekedagar og helgeturar. Det har i stor grad vore lagt opp til lågterskelturar for alle medlemmar, samt eit par lengre turar for dei med teknikkurs. Det har ikkje lukkast å få til vekentlege turar gjennom året. Det har vore turar i nærområdet, både i sommarhalvåret med turar til mellom anna Flåvær, rundt Eika og adventstur.

## Klubbkveld

Det har vore gjennomført 2 sosiale samlingar i nauset i oktober og november, for å kunne få til eit lågterskel treffpunkt for både nye og gamle medlemmar.

## Kurs

- 3 Grunnkurs Hav gjennomført.  
2 planlagte kurs (1 grunnkurs + 1 grunnkurs UNG) vart avlyst grunna få deltakarar
- 1 Teknikkurs Hav

Til saman vart det utstedt 23 våttkort og 27 oblat.

## **Diverse gjennom året:**

- Invitasjon frå Sørøyane Røde Kors om deltaking som markørar i øving
- Deltaking med stand på Sommarfest i Fosnavåg i strålande sol og mykje folk
- HKK deltok på Rangøyfestival, og hadde turleder som holdt teknikkurs UNG for Molde Kajakklubb
- Medlem Sindre Slettstøl sitt initiativ om Padlehuk har i år virkelig tatt form. Sindre og Joakim Eiksund har fått med seg tømrarelevane på Herøy VGS til å bygge den. Dei er godt i gang med å bygge den ferdig innandørs, og det blir planlagt å sette den ut i 2023.
- Turleiar i HKK, Sindre Slettstøl, vart valt inn i Teknisk Komité Hav i Norges Padleforbund.
- Promotering i ulike media:
  - Padlehuken fikk eit flott oppslag i Vestlandsnytt, og ein fikk sjå noko av det fantastiske arbeidet som Joakim Eiksund og tømrrarklassa har gjort til no. Sindre Slettstøl fortalte om korleis prosjektet vart til, og om samarbeidet med arkitekt og kommunen..
- I 2022 bikka Herøy Kajakklubb 600 medlemmar.

- Klubben sitt system for utlån og turregistrering viser at vi har hatt 76 medlemmar som har registrert tur. Dei aller fleste som har lånt kajakk har vore på tur to eller fleire gongar, og den med flest turar har vore ute 23 gongar.
- Padlesamlingar: Herøy Kajakklubb hadde representantar også i år på Gloppen Padleklubb sitt Surfesymposium i Hoddevika.

#### Medlemstal pr 31.12.2022

	0-19 år UNG	>20 år Senior	Totalt
Kvinner	55	251	306
Menn	76	255	331
Totalt	131	506	637

#### Medlemstal rapportert til Norges Idrettsforbund:

	31.12.2021	31.12.2022
Kvinner	257	306
Menn	301	331
Totalt	558	637